Statsforvaltaren i Vestland

Vår dato: 12.06.2025
Vår ref: 2019/7208
Dykkar dato:
Dykkar ref:

SEKKINGSTAD AS
Skaganeset
5382 SKOGSVÅG

Saksbehandlar, innvalstelefon
Toril M Mulen, 5764 3127

Rapport etter tilsyn hos Sekkingstad AS i Øygarden
Kontrollnummer: 2025.050.I.SFVL

Denne rapporten gjeld tilhøve som vart funne under tilsynet 22. mai 2025 hos Sekkingstad AS (organisasjonsnummer: 972292222).

Rapporten har følgjande delar:

- Del 1: Resultatet av tilsynet
- Del 2: Statsforvaltaren si vurdering og grunngjeving
- Del 3: Informasjon om tilsynet
- Del 4: Annan informasjon

Del 1: Resultatet av tilsynet

Statsforvaltaren gav merknader
Vi har følgjande merknad:

- Verksemda har manglar ved merking av farleg avfall

Merknad er eit tilhøve som vi meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

De må betale gebyr
Sekkingstad AS må betale eit gebyr på 31 200 kr for tilsynet.

Statsforvaltaren fann ingen avvik
Statsforvaltaren fann ingen avvik på tilsynet.

Avvik er manglande etterleving av krav, fastsette i eller med heimel i lov.

Statsforvaltaren avsluttar tilsynet
Vi ser oppfølginga etter tilsynet som avslutta.

Del 2: Statsforvaltaren si vurdering og grunngjeving

Merknad: verksemda har manglar ved merking av farleg avfall

Observasjonar under tilsynet og vår vurdering

Under kontrollen var oljefat som var brukt til lagring av farleg avfall inne i skapet for mellomlagring av farleg avfall feilmerka. Alle behaldarar som blir nytta til lagring av farleg avfall, skal merkast på ein slik måte at det går klårt fram kva type farleg avfall som skal lagrast kvar. Dette er for å sikre at sorteringa og nedstraums handtering av det farlege avfallet, kan gå føre seg på rett måte, utan samanblanding.

Vedtak om gebyr

Statsforvaltaren vedtar at Sekkingstad AS må betale eit gebyr på 31 200 kr for tilsynet. Dette svarar til sats 3 for tilsyn av inntil ein dags varigheit og er gitt på bakgrunn av ressursbruk. Vedtaket er gitt med heimel i forureiningsforskrifta § 39-7.

De vil få tilsendt ein faktura frå Miljødirektoratet for innbetaling til statskassa.

Statsforvaltaren er pålagt å ta gebyr for tilsyn på forureiningsområdet. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Vi viser til varsel om gebyr 12. mai 2025 og til forureiningsforskrifta kapittel 39 for ytterlegare informasjon om innkrevjing av gebyr til statskassa.

De har rett til å klage

De har rett til å klage på vedtaket. Retten til å klage er gitt i forvaltningslova kap. VI. Ein klage bør grunngjevast skriftleg, og han skal sendast til Statsforvaltaren seinast tre veker etter at de fekk dette brevet. Ein eventuell klage vil ikkje få oppsetjande verknad, og gebyret som er fastsett må betalast inn. Dersom klagen vert tatt til følgje, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

Del 3: Informasjon om tilsynet

Gjennomføring av tilsynet

Tilsynet er gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav som er fastsette i eller med heimel i forureiningslova, vert haldne. Vår heimel for å føre tilsyn er forureiningslova § 48. Rapporten gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av verksemda sitt miljøarbeid eller miljøstatus.

Tilsynet er ein del av Statsforvaltaren sitt risikobaserte tilsyn.

Frå Statsforvaltaren deltok:

- Grete Hamre
- Toril M Mulen

Kontaktperson hos verksemda:

- Anne Karethe Yddal

Anlegg

Anlegget til Sekkingstad AS på Skaganeset i Øygarden kommune vart kontrollert under tilsynet.

Tema

Følgjande tema vart kontrollerte:

- Produksjonstilhøve
- Utsleppskontroll
- Reinseanlegg
- Handtering av avfall
- Kjemikaliehandtering
- Internkontroll med vekt på miljømål, ansvar, miljørisikovurdering, avvikshandtering, rutiner

Regelverk

Tilsynet omfatta følgjande regelverk:

- Forureiningslova
- Forureinigsforskrifta
- Løyve etter forureiningslova frå Statsforvaltaren
- avfallsforskrifta
- internkontrollforskrifta
- produktkontrollova
-

Dokumentasjon

Følgjande dokumentasjon vart lagt fram for å verifisere faktiske tilhøve:

- Dokument i internkontrollen

Del 4: Annan informasjon

Andre tilhøve

Sekkingstad AS sitt løyve etter forureiningslova er frå 11.03.2011. Statsforvaltaren har tidlegare varsla at vi vil starte prosessen med å endre løyvet slik at det blir i tråd med gjeldande krav, på grunn av at det er over ti år gamalt, og at BAT-konklusjonane for næringsmiddelproduksjon (FDM) med tilhøyrande bindande utsleppsgrenser (BAT-AEL) vart vedtekne 4. desember 2019 med verknad frå 4. desember 2023.

Verksemda har søkt om mellombels unntak frå BAT-AEL i tre år for å kunne prøve ut og installere ny reinseløysing slik at de klarer å halde dei nye utsleppsgrensene. Stasforvaltaren vil handsame søknaden og sende han til samråd med Miljødirektoratet. Under tilsynet bad vi om å få tilsendt resultata frå utsleppsmålingane som er utførte etter testing av den nye reinsemetoden.

De kan kommentere på rapporten

De har høve til å kommentere på faktiske feil i denne rapporten. Eventuelle kommentarar må sendast til Statsforvaltaren innan to veker etter at rapporten er motteken.

Rapporten er offentleg

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Statsforvaltaren i Vestland på www.einnsyn.no, i samsvar med offentleglova.

Rapporten vil også vere tilgjengeleg på nettstaden Norske Utslipp, www.norskeutslipp.no.

Med helsing

Grete Hamre
senioringeniør

Toril M Mulen
seniorrådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

ØYGARDEN KOMMUNE	Ternholmvegen 2	5337	RONG